

## Innspel til oppstart av detaljregulering på Muri i Norddal kommune.

### Ålesundregionen interkommunale miljøselskap, ÅRIM

ÅRIM – Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS – er eigd av dei tolv kommunane i Ålesundregionen. Selskapet er oppretta for å handtere lovpålagde oppgåver innan hushaldsrenovasjon og slam i eigarkommunane, og tilbyr i tillegg avfalls- og slamtenester til private og kommunale verksemdar i regionen.

ÅRIM sine eigarkommunar har vedteke forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen. Forskriftane er heimla i forureiningslova og er i hovudsak likelydande og regulerer t.d. kva eigedomar som er renovasjonsspliktige, korleis renovasjonstenestene skal utførast og rett til fritak. I henhold til § 13 i forskrift om hushaldsavfall og slam pliktar alle som foreslår ein reguleringsplan i regionen å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for det området planforslaget omfattar.

### ÅRIM sine innspel og kommentarar, Renovasjon

Norrdal kommune starta med full kjeldesortering av desse fraksjonane våren 2018:

- Matavfall
- Papp og papir (+ plast i plastsekk)
- Glas- og metallemballasje
- Restavfall

Ordninga resulterer i auka arealbehov for bossdunkar og ÅRIM anbefalar derfor utbyggjar å planleggje felles renovasjonsløyningar; avfallsbrønner, bakkekonteinar eller bosstrom avhengig av tal på bueiningar. Vedlagt er ei brosjyre som beskriv fellesløyningar som ÅRIM ønskjer i Ålesundregionen. Sjå vedlegg: *Samarbeid om sortering av avfall i burettslag, sameige og tettbygde område - informasjonshefte frå ÅRIM*.

Fellesløyningar er ikkje berre positivt mht arealbehov, men sikrar også ein meir effektiv renovasjon med mindre trafikk av renovasjonsbilar og mindre ansvar for kvar enkelt bueining. Samstundes er desse moderne løyningane ryddigare i bybildet enn enkeltstående behaldarar.

Ta kontakt med ÅRIM ved spørsmål angående planlegging, val av løyning og dimensjonering. For avfallsbrønner skal ÅRIM godta val av modell/type og plassering før bestilling.

Espen L. Mikkeltorg

Rådgjevar, renovasjonsløyningar.